

PROTOKOLL / STYREMØTEREFERAT

Norsk Lagottoklubb

Dato: 15.01.2026

Møtestad: Teams

Tid: kl. 20.00–22.15

1. FRAMMØTTE

Til stades: Hanne Anita Hjerpetjønn, Robert Johan Hammond, Cathrine Klouman, Hildegunn Midtbø Bondhus, Catherine Sangvik, Sigrun Dahl, Hans Petter Brunstad Sørensen

Meldt forfall: Hege Risan Eriksen

Sak 01-26 – Planlagde aktivitetar i 2026

Bakgrunn / drøfting:

Styret gjekk gjennom planlagde aktivitetar for 2026:

- Årbok kjem
 - Rallylydigheitskurs ved Drammen hundepark, 17.–18. januar
 - Blodsporkurs i Østfold, 18.–19. april (invitasjon vert sendt ut)
 - Digitalt årsmøte onsdag 22. april kl. 19.00
 - NKK Bergen med spesial 9.–10. mai
 - Lagottospesial saman med Portugiserklubben, 19.–20. september, Vestby
 - Nosework-kurs planlagt i Kristiansand når våren kjem
- Styret viste til at webinar tidlegare har vore populære. Moglege tema som vart nemnde: passeringskurs, kvar dagslydigheit, kvalpekurs og kosthaldskurs.

Vedtak:

1. Styret tek orienteringa til vitande.
2. Styret ønskjer å halde minst to webinar per år for medlemmane.

Sak 02-26 – Reglar for utrekning av mestvinnarlista (utstilling)

Bakgrunn / drøfting:

Utstillingskomiteen presenterte forslag til reglar for utrekning av «Årets utstillingslagotto 2026». Forslaget byggjer på poengberekning per år frå 01.01 til 31.12.2026.

Forslag til poengutrekning:

- BIR: 10 poeng
- BIM: 7 poeng
- BH/BT-2: 5 poeng
- BH/BT-3: 3 poeng
- BH/BT-4: 2 poeng
- EX, VG og G gir ingen poeng
- Maks 5 konkurransar med høgast poengsum tel
- Berre medlemmar i Norsk Lagottoklubb kan delta
- Plasserte hundar får 1 poeng per slegen konkurrent (minus seg sjølv), maks 15 poeng per utstilling

Vedtak:

1. Styret vedtek forslaget frå utstillingskomiteen slik det vart presentert.
2. Styret ber komiteen evaluere ordninga i løpet av 2026 og eventuelt foreslå endringar ved behov.

Sak 03-26 – Status for årbok

Orientering:

Hans Petter Brunstad Sørensen orienterte styret om framdrifta i arbeidet med årboka. Det nærmar seg ferdigstilling og utsending, men nokre bilete og artiklar manglar.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 04-26 – Digitalt årsmøte: planlegging og tidspunkt

Bakgrunn / drøfting:

Digitalt årsmøte vert halde onsdag 22. april kl. 19.00.

Vedtak:

Styreleiar varslar valkomiteen.

Sak 05-26 – Neste styremøte

Vedtak:

Neste styremøte vert halde tysdag 24. februar kl. 20.00 på Teams.

Sak 06-26 – Eventuelt

Drøfting:

- Styret drøfta rutinar for innlegg på Facebook i Norsk Lagottoklubb sitt namn.
- Styret drøfta å invitere distriktskontaktane til møte med styret på Teams.
- Styret drøfta korleis klubben kan bli meir synleg i sosiale medium og få fleire følgjarar på den nye Facebook-sida. Det bør vurderast korleis ein kan kople Facebook, nettside og Instagram betre saman. Styret oppmodar medlemmane om å invitere andre til å følge den nye Facebook-sida.
- Styret oppmodar interesserte til å melde seg dersom dei ønskjer å bidra i arbeidet med sosiale medium.

Møtet vart avslutta kl. 22.15

Sekretær:

Hans Petter Brunstad Sørensen